

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 10 / 2019 Sak til: 20 / 2019	Onsdag 6 mars 2019	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus.

Frammøtte: 5 av 7 medlemmer, 2 varamedlemmer.

Til stades

Medlemmer:

Kjellaug Fauskanger Eidsaa , Kjell Berland, Solfrid Kongshaug Aase, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.

Varamedlem: Gunnvor Eggebø Næss og Bente Breivik.

Meldte forfall: Einy Daviknes og Ivar Eidsaa.

Andre frammøtte:

Sak / år:

10/2019: Møteprotokoll frå møte 30 januar vart godkjent.

Møtet 27 februar vart utsatt til 6 mars.

11/ 2019: Meldingar:

Takk for gåve til Bibelselskapet på Bibeldagen.

12/ 2019: Gudstenesteliste:

03/02: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Offer: Eige arbeid. Markering av Samefolkets dag. Ansvarleg: Team1.

13/02: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

17/02: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Marianne B. Gammelsæter. Nattverd. Offer: Bibelselskapet. Markering av Bibeldagen. Ansvarleg: Team 2.

.....
03/03: kl.11.00: Familiegudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp . Offer: Kirkens nødhjelp.KN gudsteneste og Tenn lys faste. Herdla barnekor. Årsmøte etter gudstenesta. Ansvarleg: Team3.

17/03: kl.11.00:Familiegudsteneste v/Michal Møgster og Bergliot Gjedrem. Nattverd. «Heilt førsteklasses» Utdeling av 6 års bok. Offer: Eige arbeid. Ansvarleg: Team 4.

20/03: Gudsteneste på Fromreide eldresenter, Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

20/03: Onsdag kl.19.00: Fastegudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Alle team.

13/ 2019 :Evaluering og førebuing av gudstenestene.

03/02: Flott at vi markerer Samefolkets dag på ei gudsteneste.

03/03: Fin familiegudsteneste og song av barnekoret.

20/03: På fastegudstenesta vert det kyrkjevandring med tekstlesing, som vi har hatt før.

14/2019: Spesielle gudstenester hausten 2019:

- Konfirmasjon: 15 september. Gudsteneste kl.10.30 og kl.12.30.
- 50 års konfirmantjubileum: 27 oktober.
- Familiegudstenester: 1 september, 1 desember og 24 desember. Herdla barnekor deltek på gudstenestene 1 september og 1 desember.
- Innskriving av nye konfirmantar: Ingen spesiell gudsteneste med innskriving , då dette går digitalt.
- Allehelgens dag: 3 november.
- Lys vaken – utdeling av 4 års bok: 1 søndag i advent, 1 desember.
- Lysmesse: 3 søndag i advent. 15 desember.

15/2019: Fasteaksjonen tysdag 9 april 2019:

Har starta planlegging, går meir igjennom på neste møte.

16/2019: Dato for Pilgrimsferd våren 2019:

Laurdag 15 juni.

17/2019: Stafett for livet, 25-26 mai 2019:

Vi meldar på Herdla kyrkjelyd og prøver å få mange med.

18/2019: Dato for song/salme og temakveld(ar):

Sangkveld: Onsdag 27 mars kl.19.00.

Eigen temakveld vert ikkje i vår. Randi Hovgaard har hatt eit opplegg for konfirmantane.

19/2019: Årsmelding/budsjett:

Vi gjekk gjennom referatet etter årsmøtet 3. mars med justeringar på årsmeldinga og eventuelsaker.

Gjekk også gjennom budsjett for 2019.

20/2019: Eventuelt:

- Brev om innspel til navnevalg for vegen til Herdla. Ynskjer vi Herdlevegen eller Herdlavegen? Vi sender inn eit høyringsforslag frå oss.
- Info frå Herdla museum: Musemet har fått tilbod om eit samarbeid med ensemble Tabula Rasa, og deira prosjekt «Fred på jorda» i haust. Dette er ein konsert som består av gamal og ny kyrkjemusikk rundt temaet krig og fred. Det inneber omvisning på Fortet, ein del av konserten på museumet og ein del i kyrkja. Dette er vi positiv til.
- Medarbeidarfest: fredag 26 april.

Neste møte vert torsdag 21 mars 2019,

Håpolden, 8 mars 2019.

Reidun Håpolden

Referent.